

Til Statens vegvesen

V/Ove Hausvik

Region vest

Askedalen 4 6863 Leikanger

Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 22. mars 2012 I Vindafjordhallen kl. 19.30.

Desse møtte: Severin Fatland, Kristin Ove Skare, Anne Nesheim Myhre og Jon Olav Velde (Hilde Fadnes Hølland har morspermisjon, Alf Egil Vaula, Magne Skrunes og Per Fatland kunne ikkje møta.)

Sak 2. Forlenging av sykkel- og gangsti langs E 134 i Øvre Vats i Vindafjord kommune.

Det er på dugnad opparbeid ein sykkel og gangsti på 3,2 km frå Knapphus til Aurdalsvegen. Auken i trafikken kvart år gjer det snart utilrådeleg for mjuke trafikantar å gå eller sykla langs hovudvegen. Særleg har tungtrafikken auka mykje.

Vedtak: Vats Grendautval vil på nytt minna Statens vegvesen om å setja i gong ein prosess om å forlenga sykkel- og gangstien frå Aurdalsvegen til Eikeland og vidare mot Ølensvåg og frå Knapphus til Krakk og utover til Skjold. Dermed kan det bli samanhengande sykkel- og gangsti frå Ølen til Skjold.

Øvre Vats 22. mars 2012

Jon Olav Velde

-leiar/skrivar-